

## Note 1 Resultatregneskap med fordeling

### Fordelt driftsoverskot:

(tal i tusen)

	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Kraftomsetjing:	kr. 5.741	kr. 5.241
Nett	kr. 619	kr. 1.013
Anna	kr. 71	kr. 97
Breiband	<u>kr. 64</u>	<u>kr. 70</u>
Sum	<u>kr. 6.495</u>	<u>kr. 6.422</u>

### Informasjon monopolverksemd (drift av nettet)

(tal i tusen)

<b>RESULTAT</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Driftsinntekter	kr. 9.996	kr. 9.664
Driftskostnader	<u>kr. 9.377</u>	<u>kr. 8.650</u>
Driftsoverskot	<u>kr. 619</u>	<u>kr. 1.014</u>

### **MEIR-/MINDREINNTEKT**

Justert tillaten inntekt	kr. 8.793	kr. 8.173
- Kile	kr. 72	kr. 293
Kostnader overliggande nett	kr. 2.478	kr. 1.169
-Faktisk inntekt	kr. 9.996	kr. 7.848
Justert for avskr./avk	kr. 392	kr. 488
Tilbakeført mindreinntekt	kr.	kr. 400
-Justert mindreinntekt	<u>kr. 0</u>	<u>kr. 0</u>
Mindreinntekt	<u>kr. 1.595</u>	<u>kr. 2.089</u>

### Endring i året:

Inng saldo: mindreinnt pr.01.01	kr. 4.305	kr. 2.616
Tilbakeført mindreinntekt	kr. -	kr. -400
Mindreinntekt	<u>kr.</u>	<u>kr. 2.089</u>
Akkumulert mindreinntekt pr.31.12.	<u>kr. 4.305</u>	<u>kr. 4.305</u>

### **BALANSE**

Sum driftsmidler etter fordeling 01.01	kr.23.522	kr. 21.210
Sum driftsmidler etter fordeling 31.12	kr.22.684	kr. 23.522
Gjennomsnittlege driftsmidler	kr.23.103	kr. 22.366
1% påslag for arbeidskapital	<u>kr. 231</u>	<u>kr. 224</u>
Avkastningsgrunnlag	<u>kr.23.334</u>	<u>kr. 22.590</u>
Avkastning	2,65 %	4,49 %

## Note 2 Kraftkjøp

Forsand Elverk KF har frå 01.01.03 kjøpt kraft etter kontrakt mellom Sira Kvina Kraftselskap på den eine sida og Forsand kommune/Forsand Elverk KF på den andre sida. Kontrakten byggjer på Forsand kommune sin rett til uttak av konsesjonskraft i Svartavatnet/Siravassdraget. Prisen vert justert årleg på bakgrunn av rekneskapstala for året før. Grunnlaget for utrekninga er sjølvkost + 20%.

Forsand Elverk KF har kjøpt noko kraft i regulerkraftmarknaden. Dette er skilnaden mellom innmeldt konsesjonskraft og faktisk uttak av konsesjonskraft for kvar veke.

Ved utrekning av tap i nettet er det nytta ein tapspris på 9,49 øre/kWh. Tapskostnaden er justert for avviksoppgjør med kraftleverandører.

### Note 3 Kostnader arbeidskraft/Pensjonskostnader

	2010	2009
Løn	kr.4.455.843	kr. 4.346.158
Refusjon	kr. - 1.698	kr. - 16.646
Arbeidsgjevaravgift	kr. 694.364	kr. 658.245
Pensjonskostnader	kr. 48.008	kr. 643.444
Andre ytingar	kr. 186.634	kr. 135.084
Aktiverte lønnskostnader	<u>kr. - 961.154</u>	<u>kr. - 888.766</u>
Sum	<u>kr.4.421.997</u>	<u>kr. 4.877.519</u>

I år 2010 var det 10 tilsette (7,25 stillingar) ved elverket.

Utbetalingar til dagleg leiar var kr.601.151 inkludert vaktgodtgjersle for overordna vakt.

#### Pensjonsordning.

Pensjonspliktar er teke med i rekneskapan frå 01.01.2004. Netto pensjonspliktar er ført som gjeld i balansen.

Faktisk pensjonspliktar inkl.arb.gj.avg 01.01.10	kr. 177.797
Pensjonskostnad berekna KLP, inkl arb gj.avg	kr. 146.395
Forfalle premie KLP, inkl.arb.gj.avg	<u>kr. 1.240.057</u>
Pensjonsmidlar pr. 31.12.10	<u>kr. 915.866</u>

Som fylgje av pensjonsreforma og nye reglar om offentlig tenestepensjon vert pensjonspliktar og pensjonskostnadar redusert på grunn av levealderjustering, samstundes som kostnad aukar på grunn av auka levealder.

I fylgje gitte rekneskapsreglar må ein likevel ta deler av dette som inntekt, medan auka kostnad føres over fleire år. Resultat inneverande år vert i fylgje KLP ein stor reduksjon i pensjonskostnad samt at ein i balansen no har opparbeida pensjonsmidlar.

Føretaket sitt pensjonsansvar i forhold til den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landepensjonskasse KLP. Ordninga omfattar 8 tilsette.

Tenestepensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygdas ytingar utgjer ei samla bruttopensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Framtidig pensjonsyting vert rekna ut frå antal oppteningsår og lønsnivået ved pensjonsalder. Ordninga sikrar ein brutto uførepensjon på same nivå som alderspensjon og omfattar i tillegg ektefellepensjon og barnpensjon. Dei tilsette har også rett til AFP etter vedtekne reglar. AFP er ikkje forsikingsmessig dekkja og det er ikkje avsett midlar i forsikringordninga til framtidige AFP-pensjonar.

Rekneskapsmessig pliktar og kostnader som fylgje av AFP inngår likevel i berekninga.

#### Økonomiske forutsetningar 2010

Diskonteringsrente	4,00 %
Forventa lønsvekst	4,00 %
Forventa G-regulering	3,75 %

Forventa avkastning 4,60 %

#### **Note 4 Skuldig skattetrekk, arbeidsgjevaravgift, løn, feriepengar mm.**

Skuldige beløp:	2010	2009
Skuldig løn	kr. 0	kr. 0
Avsette feriepengar	kr. 476.455	kr.476.835
Pensjonskostnader	kr. 0	kr. 0
Skuldig skattetrekk	kr. 228.025	kr. 244.636
Arbeidsgjevaravgift	kr. 216.840	kr. 197.396
Arb.g.av feriepengar	kr. 67.180	kr. 63.200
Diverse trekk	kr. - 771	kr. - 829
Sum	<u>kr. 987.729</u>	<u>kr. 981.238</u>

#### **Note 5 Andre driftskostnader**

Som tidligare år er det, i tillegg til lønskostnader, også aktivert del av driftskostnader. Dette på grunn av at ein stor del av elverket si verksemd omfattar arbeid med nybygg og nyanlegg. Det er difor naturleg at også ein del av verksemda sine felleskostnader vert aktivert i balansen på nybygg og nyanlegg. For 2010 er kr. 185.000 ført over til balansen.

#### **DLE**

I andre driftskostnader er medteke kostnader til DLE (Det lokale eltilsyn) med fylgjande tal:

Eltilsynsavgift	kr. 28.600
Utført eget arbeid	kr. 15.557
Kostn/reis seminar med meir	kr. 20.071
Arbeid utført av andre	kr. 314.815
EDB/trykksaker	<u>kr. 77.453</u>
Sum	<u>kr. 456.496</u>

Sjå styret si melding om DLE.

#### **Note 6 Varelager**

Varelager inneheld lager av høg- og lågspent materiell samt stolper. Lageret er oppført til lågaste verdi av innkjøpskost og verkeleg verdi.

#### **Note 7 Meir-/mindreinntekt - KILE**

##### **Meir-/mindreinntekt**

Meir-/mindreinntekt skal bereknast for overføringsverksemda. Dette kjem fram som ein differanse mellom maksimalt tillaten inntekt fastsett av NVE i høve til faktisk oppnådd inntekt i nettverksemda.

Forsand Elverk KF har for 2010 ei mindreinntekt på kr.1.595.000. Det vil seia at elverket sine oppnådde inntekter for nettverksemda ligg kr. 1.595.000 lågare enn maksimalt tillatne inntekter fastsett av NVE. Ein har dette året valt å ikkje føra mindreinntekt i rekneskapen. Etter gjeldande vedtekter kan mindreinntekt krevjast tilbake frå kundane.

## Kile

Frå 2001 vart ordninga med KILE innført. Kile står for ”kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikkje levert energi” og skal reknast ut for det einkilde elverk. NVE fastset ein forventa ramme som inngår i vår tilletne inntekt. Faktiske kilekostnader inngår i berekninga av meir-/ og mindreinntekt Dette varierer fra år til år og blir berekna etter ikkje levert energi som fylgje av avbrot i nettet.

## Note 8 Skatt

I 1997 blei det innført nye reglar for skattlegging av kraftforetak. Sal av konsesjonskraft er likevel fritake for skatt.

Fritaket gjeld og inntekt av nettleige ved sal av konsesjonskraft.

Anna inntekt som elverket har er i hovudsak inntekt for utført arbeid/seld materiell i samband med gateljos for kommunen. Dette er oppgåver som naturleg kjem inn under ein kommunal bedrift sine oppgåver og er difor skattefrie. Det er ikkje berekna fortjeneste på dette. Inntekter ved leige av breiband er likevel skattepliktig inntekt.

Sal av kraft kjøpt av mikrokraftverk er ikkje konsesjonskraft og kjem difor under dei vanlege reglane for kraftverkbeskatning.

Inntekt av nettleige for kundar som har annan kraftleverandør er skattepliktig då dette ikkje er nettleige ved sal av konsesjonskraft. Det same gjeld inntekt frå innmating/produksjon i nettet

For år 2010 er berekna skatt kr. 24.506.

Forsand Elverk KF har i nokre høve kjøpt kraft i regulerkraftmarknaden. Overskotet ved sal av denne kraften er ikkje medteke som skattepliktig inntekt då me ser på dette som naudsynt omsetningsform for konsesjonskraft.

## Note 9 Anleggsmidler

	<b>Anlegg, bygningar mv</b>	<b>Transportmidler maskiner, inventar mv</b>	<b>Tomt</b>
Innkjøpskost 01.01	35.246	6.170	160
Tilgang 2010	845	191	
Anleggsbidrag/avg.2010	<u>- 352</u>		
Innkjøpskostnad 31.12	35.739	6.361	160
Akk. avskrivningar	14.212	3.474	
Avskrivningar 2010	<u>1.042</u>	<u>490</u>	
Bokført verdi	<u>20.485</u>	<u>2.398</u>	<u>160</u>
Avskrivningstid	25-35 år	5-10 år	

## Note 10 Eigenkapital

Eigenkapital 31.12. kjem fram slik:

	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Total EK 01.01.	kr.28.720.516	kr.26.274.158
Årsresultat	kr. 6.530.182	kr 6.481.126

Skatt	kr. -24.355	kr. -34.768
Utbetalt eigar av årets overskot	kr. 1.000.000	kr. 2.000.000
Avsett utbytte	<u>kr. 3.000.000</u>	<u>kr. 2.000.000</u>
Total eigenkapital 31.12.	<u>kr. 31.226.343</u>	<u>kr.28.720.516</u>